



Musikklaget kan meir enn å spela!

Også i år runda ein familiequiz med spørsmål om 17. mai og lokale fakta av festprogrammet i Aktivitetshuset og 20 lag vart med medan det var 30 i fjor. Musikklaget viste at det kan meir enn å spela og gjekk til topps med 17 av 20 mogelege poeng.

Musikklaget stilte forresten med 2 lag og det andre kom inn som ein god nummer 2 saman med 2 andre som fekk 16 poeng. Dei var lag med Dag Hermansen og Berit H. Myklebust. På tredje plass med 15 kom 2 lag med Gunn Mari Moberg og Røysterett for alle ved Gunvor Myklebust.

Vinnarlaget bomma på 3 spørsmål. Dei visste ikkje at Edvard Hoem har omsett Kongesongen og at han er særleg kjend for Bjønsonbiografien. Dei visste heller ikkje at Elin Legland er i kommunestyret. Elles går vi raskt gjennom svara:

***Kraftprosjekta er i Tverrelva, Eikeelva og Børsdalen og Kjærlandsverket vart bygd i 1944.**

*Tor H. Myklebust har skapt skulpturen i båthamna og Sigrid Øyrehagen er ein nasjonal kunstnar frå Uskedalen.

*Kjartan Stensletten er chief på Black Watch

*I 2013 høgtidar vi stemmerett for kvinner og neste år 200 år for grunnlova

*I år er Røysterett for alle 25 år og neste år er Bygdetunet Rød 30 år

*Tor Myklebust er den einaste stortingsmannen frå bygda og dei herifrå som sit i kommunestyret no er Elin Legland, Kjell Yri, Gunn Mari Moberg, Jostein Grov og Magne Huglen.

*Friluftsplassen er rette namnet på Stemneplassen og Wilhelm Bjelland gav han som gåve til bygda.

*Kongesongen er omsett av Edvard Hoem og han er særleg kjend for Bjønsonbiografien

*Olaf Agnar Gausvik skreiv diktet Ved Bautasteinen, Mona Vetthus debuterte med diktbok i fjor og Herman Lavik skreiv TUNET i det blå med handling frå Skorpo

*Nota er Fagert er landet

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen